



avd Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2024

Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Bjarne Horsevik	på valg
Nestleiar:	Steinar Følling	ikkje på valg
Kasserar:	Per Lien	ikkje på valg
Sekretær:	Vidar Lægreid	på valg
Styremedlem:	Eivind Bell	på valg
Styremedlem:	Jan Ove Hårklau	ikkje på valg
Styremedlem:	Jonfinn Alme	ikkje på valg
Vara:	Olav Grinde	på valg
Vara:	Ivar Møgster	på valg

Revisorar:	Reidar Holsen og Jon Frøysland	på valg
------------	-----------------------------------	---------

Valnemnd:	Kurt Magne Neset (leiar), Audun Hovland, Oddmund Frøysland
-----------	---

Møter/medlemstall m.m.

Vi har i 2024 hatt 5 styremøter og behandla 32 saker. Saker vi har behandla; landstreffet i Førde, som det var mykje arbeid med, heimesida, som har vorte veldig bra, arbeid i Rustholet, oppsummering av treffet i Førde, overtaking av bussane S-1932 og S-7013, frå Firda Billag, salg av S-359, tomtekjøp, påkost av bussane, landstreffet i Haugesund, årsmøte og div. referatsaker. Økonomien har vore sak på

kvart møte og den er bra. Ved utgangen av året 2024, har vi 178 medlemmar. Det har vore godt samarbeid i styret.

Arrangement i 2024:

Landstreffet, som var i Førde, var veldig vellukka. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar under treffet og etterpå. Pressa og NRK laga fine reportasjer under treffet. Vi byrja tidleg å planlegge treffet og på årsmøta spurte vi om nokon kunne tenke seg å hjelpe til og svara var «ja» med ein gong. Vi hadde og god hjelp av folk utanfor klubben. Då vi spurte Firda Billag om å få leige plassen til treffet, var dei berre positive. Med hjelp frå ansatte sjoførarar, vi i styret og frivillige, flytta vi bussar og trailerar til lagerplass på Ankerløkken-tomta. Vi vil rette ei stor takk til Firda Billag for at vi fekk låne plassen. Utan deira velvilje, hadde ikkje treffet vorte so vellukka, som det vart. Vi har eit godt forhold til ledelsen og andre ansatte hjå Firda Billag.

Turar:

Vi har vore til Bergen og høyrte på Lindesnes Trekkspillklubb. Det har vore tur til Matre/Bjordal med Gaular Pensjonistlag. Bryllaupskøyting i Movika. Tur til Høvringen med Gaular og Fjaler Pensjonistlag. Blåtur med lærarar frå skule i Førde. Blåtur til Sogn. Tur til Leikanger og div. turar i Nordfjord. I Sogn har det vore medlemstur til Arnafjord, fleire bryllaupskøytingar. Tur med Luster Sparebank. Tur med flyktningar, gebursdagar og klasseset. Bussane, som har vore brukte er: S-1932, S-7013, S-3020, S-3136, TV-37939 og TV-38387.

Ei stor takk til alle som har vore sjåførar på desse turane.

Vinterlagring.

TV-11916, TV-37939, S-7097 og S-1932 står i Bygstad. S-7038 står på Viksdalen hjå Endre Hellebust. S-1967 står i rustholet. S-359 står i rustholet. S-3020, S-3136 og TV 38387 står i garasje på Hafslo. S-22 står i oppvarma garasje i Lærdal, S-7013 står i garasje hjå Firda Billag på Sandane.

Arbeid med bussane:

S-7038 arbeidde vi med for å få den EU godkjent og det vart den til treffet. S-1967 fekk vi nesten ferdig til treffet og resten vart gjort i haust. S-7097 har fått nytt batteri, men bremsane må reparerast. (den står no i Rustholet) TV-38387 er ferdig og EU godkjent i 5 år. Når det gjeld påkost på bussane, viser vi til rekneskapen.

Økonomi:

Rekneskapen for 2024 viser eit overskudd på kr. 82.730. Stønad frå NHO Vestland for 2023 på kr. 20.000, vart ikkje utbetalt før i 2024. Vi har fått same beløpet for 2024. (dette er utbetalt.) Den største utgiftsposten i år er på TV-38387. Viser elles til tal i rekneskapen.

Sponsorer:

Firda Billag, Toyota Nordfjord/Førde, Biltreff A/S, Steinvik fiskefarm, Sunnfjord Betong A/S, Førde Sementvare A/S, Fellesforbundet Sogn og Fjordane, TruckNor Firda A/S, Førde Vulk A/S, Bildeler Førde A/S, Tide Buss Sogn, Firdaklubben, YTF, Luster Kommune, NHO Vestland, TruckNor Kaupanger, gåve frå Luster Sparebank og frå Sogn Sparebank. Vi har fått kulturmidler frå Sunnfjord Kommune til treffet. Støtte frå Fylkeskommunen til treffet. Skei Servicesenter sponsar møtelokale og mat til alle årsmøtedeltakarane.

RHF/SFJ retter ei stor takk til alle desse!!!! Likeeins stor takk til alle dei 25, som annonserte i Utstillingskatalogen.

Arbeid i rustholet:

Arne Ødegård, Bjarne Horsevik, Ivar Møgster, Audun Hovland, Bjarne Aasen, Gunnvard Smådal, Roald Herstad, Endre Hellebust, Steinar Følling og Jan Ove Hårklau. Så ei stor takk til Jon Frøysland, som vanleg i mange år har passa på tomflasker og panta dei.

Vi vil rette ei stor takk til alle, som har vore med å jobba for klubben i 2024.

Bjarne Horsevik

Steinar Følling

Per Lien

Vidar Lægreid

Eivind Bell

Jan Ove Hårklau

Jonfinn Alme

Olav Grinde

Ivar Møgster